

Til Alver kommune. Plan-og byggjesaksavd.

Vedk. Spørsmål om bruksendring.

Etter oppdrag frå føretaket Epic Pizza A/S med føretaksnr. 826867892 stiller eg spørsmål til Alver kommune om bruksendring for del av Kvassnesveien 15 gnr. 188 bnr. 371.

Dette firma ynskjer å nytte lokaler i dette bygget til produksjon samt utlevering og levering av pizzaer. Såkalla Take Away leveranser. Det skal ikkje vera servering i bygget.

Ved slik produksjon vil bygget gjennomgå noko endringar internt . Noko fasadeendring blir det ikkje bortsett frå skilting og ei ventilasjonsrist. Skilting skal det sjølvsgd søkjast om godkjenning for.

Spørsmålet er om det er naudsynt å søke om bruksendring. Området som bygget ligg i, er regulert til blanda føremål av kontor/verksemder. Bygget har blitt brukt til både trykkeri og kontor. Det er nå fleire ulike aktivitetar i bygget og i det området som bygget ligg i.

Så snart spørsmål om mogelege bruksendring er avklara, vil sjølvsgd firmaet søkje om naudsynte godkjenningar av innreiingar/utstyr samt mattilsynet og arbeidstilsynet sin godkjenning.

Vedlagd føl kart som syner plassering av bygget.

Mvh.

Jens H. N. Bjordal.

Ansv. Søkjar.

Tlf. 48138902, e-post jens.bjordal@bkkfiber.no